



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-025, FE-033	22/87

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/22	Ungdomsrådet	PS	10.03.2022

Representantar til fylkesting for ungdom 2022 frå Fedje ungdomsråd

Vedlegg:

Invitasjon til FFU 2022

Invitasjon til Fylkesting for ungdom 2022

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Det er kome invitasjon til fylkesting for ungdom frå Vestland ungdomsutval (VU) og Vestland fylkeskommune. Fylkesting for ungdom vert 25.-27.mars på Voss. Kvar kommune kan sende 2 representantar frå dei kommunale ungdområda. Fristen for å sende inn saker til behandling er 24.mars.

Påmeldingsfrist til sjølve fylkestinget er 9.mars 2021.

På ungdommens fylkesting Vestland vert det valt kandidatar til Vestland ungdomsutval.

All informasjon om fylkesting for ungdom finn de her: [Fylkesting for ungdom - Vestland fylkeskommune](#)

Vurdering

Deltaking på fylkesting for ungdom vil gje ein viktig moglegheit for å lære om politiske prosessar ut over i egne kommune, få kontaktar med medlemmar av Ungdomsråd i andre kommunar i Vestland, og lære om prosessar rundt framlegg, vedtak og andre politiske handverk.

I tillegg til dette kan ungdommane verte kjent med andre ungdommar som er politisk engasjerte og diskutere politikk med dei. Ungdommane kan lære mykje av politiske debatter og politiske prosessar som dei kan ha nytte av seinare både som medlem i ungdomsrådet, men også seinare i livet. Ungdommane som deltek på ungdommens fylkesting kan også lære ved å gjenfortelje kva dei har vore med på til dei andre ungdommane i ungdomsrådet.

Økonomi: Pris er kr 3000 pr deltakar + reise. Utgiften er ikkje lagt inn i budsjett for 2022.

Konklusjon



Fedje kommune

Dette er ein viktig og god arena for læring og kontaktar som Fedje ungdomsråd bør nytte seg av.

Forslag til vedtak:

..... og vert Fedje ungdomsråd sine representantar på fylkesting for ungdom april 2022.

Ungdomsrådet - 005/22

U - behandling:

U - vedtak:

Fedje ungdomsråd sender i år ikkje representantar til fylkesting for ungdom.

Samrøystes vedteke.